



Desse jentene er klar til å gjera ein god innsats utover i veka!

Dei første kampene i Norway Cup vert spela i dag, og det vert meldt om ein våt og regnfull dag i hovudstadsområdet. Det har til no vorte avvikla 5 kampar der spelarar frå Uskedals- og Rosendalsområdet har vore involvert. Det har enda med 2 storsigrar og 3 knepne tap.

G16-laget(2) fekk ein kanonstart mot Lyngen/Karnes. Dei køyrde på frå start scora mål kvart minutt i starten og leia utruleg nok 4 - 0 etter 5 minuttar spel. Uskedalstrioen Torstein, Sondre og Marius Myklebust var sentrale i køyret, og dei scora alle 4 måla. Utover i kampen viste Lyngen/Karnes at dei var eit bra lag som hadde fått ein forferdeleg start. Spelet vart jamnare, og det stoppa på 8 - 2 siger.

Også i G13-kampen vart det storsiger då Rosendal slo Heddal 7 - 0. Utover dette har det blitt 3 tap så langt. I J13-kampen fekk Rosendal/Uskedal 2 ein god start i begge omgangar. Dei leia både 2 - 0 og 4 - 2. Likevel enda den jamne kampen med 4 - 5 tap for Fjellhamar hvit. G16(1) tapte 3 - 5 for Spjelkavik, medan G14-laget tapte 1 - 4 for TSV Neudorf-Borstein, eit veldig godt tysk lag.

Det er ein kamp att seinare i kveld, kl 18.30. Det er svært gode oppdateringar frå kampene på Rosendal Turnlag si facebookside. Elles finn de oppdaterte resultat frå kampene på [resultatsida til Norway Cup.](#)



Vått, men kjekt på Norway Cup

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Rosendal TL og Haldis Åkra